

## Utvikling

Innhaustinga er så vidt i gang både for eple og plomme. 'Opal'-plommene modnar fort i varmen på austlandet. Dei første epla er også hausta inn, men det er stort sett sortar som 'Julyred' som er lite aktuelle i økologisk dyrking. Sol og varme rundt sluttmodning er ikkje berre positivt, sidan det kan modna for fort og ein risikerer at varene ikkje toler vanleg salgstid.



*Foto: Gaute Myren. 'Opal' plommer med ulik modningsgrad. Den mest farga er god å ete, men toler kanskje ikkje transportetappen fram til forbrukar.*

## Vatning og gjødselvatning

Austlandet må fortsette å vatne. Spesielt viktig er det i felt på lettjord. Gå over på gjødselvatning med meir kalium om dette ikkje alt er gjort.

Vèrdata finn du her: <https://lmt.nibio.no/>

Vatningsbehovet: [VIPS - vanningsbehov \(nibio.no\)](https://lmt.nibio.no/)

## Lysskjering

Dette tiltaket er aktuelt i eldre felt med for mykje skugge av bladverket. Bruk ei vanleg skjeringssaks og knus kvisten etterpå.

Unngå tiltaket om det er meldt unormalt høge temperaturar og sol i dei kommande dagane. Det kan gjelde både vestlandet og austlandet den kommande veka.

## **Ugras**

### **Gras og ugras**

Unngå fresing framover mot ugraset. Det er fort at trea mister avlinga om ein kjem nær dei no. Graset kan ein holde nede framleis, så det er lettare å gå i feltet ved hausting.

## **Gjødsling**

Bladgjødsel som tilrådd i «Plantevernplan Frukt og Bær 2022» frå NLR kan nyttast dersom påvist mangel enten gjennom bladprøve eller gjennom symptom på bladverk. Plantebasert Aminosol som inneheld 6% nitrogen kan betre grønfargen på bladverket. Eit velfungerande bladverk er viktig for fotosyntesen til treet.

## **Bladgjødsling mot prikksjuka**

Sprøyt ut ei blanding med 500 g/daa kalsiumklorid og 100 ml/daa Aminosol PS (plantebasert). Sprøyt ut kvar 7.-10. dag no fram til hausting.

I enkelte tilfelle kan fruktene sjå fine ut ved hausting, men at prikksjuka først blir synleg på lager. Det gjeld å gi kalsium ofte nok no framover. Det er også best effekt av kalsiumsprøytingane på slutten når epla «sveller» veldig og kalsium-innhaldet blir fordelt på eit større volum fruktkjøtt.

## **Fjerning av skada eple /tynning i eple**

Er avlingsnivået lågt kan det være ein fordel å behalde også skadde eple dvs. eple som ein normalt elles ville ha tynna vekk med tanke på å oppnå litt vekstreduksjon i treet. Dette er eple som uansett vil måtte gå til press. Eple som har opne sår eller larveangrep, får lett [monillia](#) og det kan medføre at friske naboeple rotnar. Ta fleire rundar fram mot hausting og fjern øydelagde eple for å unngå råtesmitte.

## Skade



Det er lettast å sjå etter symptom på skade no når det nærmar seg hausting i 'Discovery' og 'Aroma'. Nødmogna eple får mørkare raudfarge eller avvikande form, som gjer at det er lettare å luke dei ut blant dei friske epla.

*Foto: Gaute Myren. Viser 'Julyred' der ei larve har spist på karten rett etter blomstring. Resultatet er at det har blitt kork i skalet, men eple er framifrå til pressing.*



## Insektskadar

Kva som er hovudproblemet kan ein finne ut av ved å tilfeldig hauste og analysere 100 kart. Gå som i blinde i hagen og finn ei grein og plukk den rein, gå så vidare til ei ny, så ein tilslutt har 100 kart. Prøv å finne ut kva som er skadeårsak ved å bruke oppslagsverk eller [plantevernleksikonet](#).